



Roar og Anne Grete Angelsgård
Hodnesdalsvegen 153
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1940 - 17/26778

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
20.09.2017

Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket gbnr 197/3 Øvstegård. Restaurering av utløe.

Dokumenter:

Søknad motteke i kommunen 19. juni 2017, kostnadsoverslag og bilde av objektet slik det ligg i dag.

Søknaden:

Det gjeld å sette i stand ei gammal utløe. Løa står i eit beite/tidlegare slåttemark. Løa er utan tak, men murane er i bra stand.

Ein ynskjer å legge nytt tak på bygget og sette murane heilt i stand. Ein vil rydde vegetasjon rundt slik at bygningen vert synleg.

Kostnaden med tiltaket er rekna til kr.73375,-.

Vurdering:

Eigedommen er i drift med mjølk- og kjøttproduksjon.

Tiltaket ligg i Hodnesdalen. Dette er ein dal med særmerkte og store steinbygningar. Å fristille og setje i stand anna «steinarkitektur» i dalen vil vere med å forsterke inntrykket som kulturlandskapet og bygningsmassen syner.

Tiltaksstrategien har kulturminn og kulturmiljø som et tiltaksområde. Tiltak som bør prioriterast er å sette i stand tørrmurar og gmle bygg i kulturlandskapet.

Tiltaket det er søkt om fell såleis inn under strategien. Området der tiltaket ligg er nærast ein hageskog og når murane kjem fram på ordentleg vis, vil hageskogen få eit ekstra opplevingselement.

Kostnadsoverslaget vert godkjent og det vert løyvt tilskot med 50% i samsvar med tiltaksstrategien.

Vedtak:

Søknaden er handsama etter § 8 i forskrifta og det er løyvd inntil kr 36850,- Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2019

Klagerett :



Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 måned før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetaling vil konto 9362 22 24510 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein måned.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakrar:

Roar og Anne Grete Angelsgård

Hodnesdalsvegen
153

5915

HJELMÅS